



## Referat frå kommunemøte 15. februar 2024

**Deltakarar:** Kommunane, Helsedirektoratet, PST, Vest politidistrikt, IMDi, UDI, Helse Bergen, fylkeskommunen og Region Nordhordaland IKS.

**Ikkje til stades:** Askvoll, Austevoll, Eidfjord, Fedje, Hyllestad, Høyanger, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Solund, Stord, Sunnfjord, Sveio, Vaksdal og Årdal

### 1. Den tryggleikspolitisk situasjonen

Måndag vart dei årlege trusselvurderingane frå etterretnings-, overvakings- og tryggleikstenestene offentleggjort.

E-tenesta seier at vi i dag står overfor ein farlegare tryggleikspolitisk situasjon enn for eitt år sidan. Forholdet mellom Russland og Vesten er på eit lågmål, og kan best karakteriserast som ein verdimessig og tryggleikspolitisk konfrontasjon. Det er små høve for reell dialog, og russisk politikk overfor Vesten og Norge er venta å verte meir uføreseieleg i åra som kjem.

Den militære støtta frå Vesten til Ukraina har bidrege til å hindre vesentleg russisk militær framgang det siste året. Problemet er at ein stor del av materiellet Ukraina har disponert, har gått tapt eller er brukt opp. Det er svært høge tap på begge sider, men Russland har mobilisert eit stort tal nye styrkar og vil kunne hente om lag tre gonger så mange stridsdyktige til militærtjeneste som Ukraina.

Moskva handterer vestlege sanksjonar betre enn forventa, og produksjon av ammunisjon, kampkøyretøy, dronar og missil skjer no i eit høgare tempo enn for eit år sidan. Dessutan får Russland betydeleg militær støtte frå Kina, Nord-Korea, Iran og Belarus.

E-tenesta konkluderer med at Russland står sterkare i krigen enn for eitt år sidan, og er i ferd med å rive til seg initiativet og skaffe seg eit militært overtak. Kreml er venta å intensivere krigsinnsatsen i månadane som kjem. Utsiktene til reelle forhandlingar er dårlege, og alt tyder på at krigen vil halde fram gjennom 2024.

Lenke til [Den opne trusselvurdering til Etterretningstenesta: FOKUS 2024](#)

Lenke til [Den opne trusselvurderinga til NSM: Risiko 2024](#)

#### 1.1 Orientering frå PST om ny nasjonal trusselvurdering v/Tone Loftesnes Kornli

Krigen i Ukraina skapar ein situasjon med skjerpa tryggleiksrisko. Utover Russland utgjer Kina ein betydeleg etterretningstrussel som vil auke de komande åra. Samstundes venter vi fortsatt aktivitet frå Iran og Nord Korea.

Framand etterretning vil bruke ei rekke ulike metodar mot enkeltpersonar og verksemder i Noreg. Cyberoperasjonar og rekruttering av kjelder vil vere blant dei mest sentrale i 2024. Cyberoperasjonar mot mål i Noreg vil i hovudsak ha informasjonsinnhenting som føremål.

Informasjon om forsvarshemmelegheiter, politiske forhandlingar, industrispionasje, og innhenting av sensitiv informasjon som kan brukast til utpressing er av interesse for trusselaktørane.

Kjelderekruttering ser ei ny trend via digitale verkemiddel i staden for tradisjonelle fysiske møte. Fordekte metodar vert brukt for å innhente informasjon og teknologi. Mykje av ekstremistisk propaganda er utforma på ein måte for å appellere til yngre.



Meir informasjon finn de i den nasjonale trusselvurderinga og på heimesida til PST (pst.no) der de m.a. finn podcaster. PST arbeider forebyggande og med godt samarbeid med kommunane. Dersom ein observerer ting utanom det vanlege kan tips sendast inn via PST sin tipsportal på pst.no.

PST har òg høve til å kome på besøk til dei enkelte kommunar/politiråd m.m. viss ein skulle ønske ytterlegare informasjon om årets trusselvurdering eller har andre spørsmål.

Lenkje til [PST sin opne trusselvurdering: Nasjonal trusselvurdering 2024](#)

### 1.2 Orientering frå Vest politidistrikt v/Gustav Landro

Vest politidistrikt har eit tett samarbeid med PST om den tryggleikspolitiske situasjonen.

Merksemdområde i fylket er kritisk infrastruktur som kraftindustri og petroleumsindustrien. I vårt digitaliserte samfunn er vi sårbare for aktivitet i cyberdomenet og hybride handlingar som kan skape ustabilitet i tenester.

Kommunane er viktige samarbeidspartar for at politiet skal oppretthalde eit godt situasjonsbilete. Politiet er avhengig av tips om hendingar eller observasjonar utanom det vanlege ute i kommunane, særleg i kommunar med kritisk infrastruktur.

Tips kan sendast inn via politiet.no og akutte hendingar via naudnummeret 112.

## 2. Flyktnings situasjonen

Vi har fått eit innspel frå Bjørnafjorden kommune, som opplever at ei endring med omsyn til elektronisk ID for ukrainske flyktingar, kan bidra til at det tek lengre tid å busette flyktingar i kommunane. Dette vil såleis ha motsett effekt til det nasjonale målet og oppmodinga om ei rask busetjing. Vi har vore i dialog med UDI om denne problemstillinga. I grove trekk er dette truleg eit resultat av at det skjer ei gradvis harmonisering av regelverk og tiltak ovanfor ukrainske flyktingar og flyktingar frå andre land.

Vi har òg fått eit innspel frå Bergen kommune om utfordringa med flyten i meldingar knytt til tuberkuloseundersøkingar mellom politiet, UDI og kommunen. Sidan ikkje alle aktørane brukar dei same digitale løysingane for meldingar, opplever kommunen at det går unødvendig lang tid før dei får melding (meldinga kjem gjerne like før fristen for å gjennomføre den lovpålagte undersøkinga er ute). Helsedirektoratet kommenterte dette innspilet i møtet. Sjå punkt 2.2 i referatet.

### 2.1 Orientering frå UDI v/Njård Håkon Gudbrandsen

Presentasjonen finn de vedlagt.

Tilkomsttala er på veg ned og så langt i år ligg gjennomsnitt på 65 tilkomstar per dag. Det er ein stor kontrast til same periode i fjor, då snittet låg på 150-200 per dag. Belegget på mottaka er stabilt og noko nedgåande. Det er grei kapasitet.

Nytt for Vestland fylke er at mottaket ved Magic hotell i Bergen stenger om ein månad, og med det vert 350 akuttmottaksplassar avvikla. UDI ser på førebels løysingar fram til ordinær anskaffing av nye plassar er på plass. Det vert arbeidt med ei løysing i nærleiken av eksisterande mottak. Det vert elles arbeidt med fleire anskaffingar i fylket, med frist i slutten av mars.



Det har frå 1. januar 2024 kome fleire endringar og innstrammingar i regelverket for fordrivne frå Ukraina. Mellom anna vert ordningar knytt til kjeledyr, og MAMOT-ordninga (støtte til personar som busett seg privat), avvikla.

De kan lese meir om [innstrammingane knytt til fordrivne ukrainarar på regjeringen.no](#).

### 2.2 Orientering frå Hdir v/Jon Hilmar Iversen

Presentasjonen finn de vedlagt i utsendinga av referatet.

Helsedirektoratet minner om [retteleiarer for helsetenester til asylsøkarar, flyktningar og familiegjenforening](#).

Per januar 2024 så godt som alle flyktningar som kjem til Nasjonalt Ankomstsenter (NAS) tuberkuloseundersøkt der. Unntaka er dei få som busett seg privat. Kommunane får melding om dei få dette gjeld. Målet er at NAS skal ta seg av alle tuberkuloseundersøkingar, og det er planlagt for å kunne handtere auka volum.

Helsedirektoratet er informert om, og har forståing for, at det er utfordringar med flyten i meldingar om tuberkuloseundersøking mellom politiet, UDI, og kommunane. Det kan verte behov for å ta denne problemstillingar gjennom andre kanalar vidare til JD og HOD.

Det ligg òg ei sak til høyring hjå JD om at politiet, utover namn og adresse, skal kunne innhente og dele telefonnummer og e-postadresse til flyktningar, for betre informasjonsflyt om m.a. tuberkuloseundersøking.

### 2.3 Orientering frå IMDi v/Katrine Vidme

For statusoppdatering visast det til presentasjonen som er lagt ved i utsending av dette referat.

IMDi har forståing for problemstillinga og utfordringa som Bjørnafjorden har spelt inn om elektronisk ID. Leverandøransvaret for tenesta ligg hjå ein privat aktør og er såleis utanfor IMDi sitt direkte ansvarsområde, men IMDi vil drøfte problemstillinga med UDI.

## 3. Orienteringssaker frå Statsforvaltaren

### 3.1 Kommunemøte våren 2024

Neste møte er planlagt torsdag 14. mars kl. 13.30 - 15.00. Det vil innan kort tid bli sendt ut innkalling til dette og dei resterande møta fram til sommaren.

### 3.2 Medietreningskurs 6.-8. februar

Førre veke arrangerte vi tre dagskurs i medietrening i Bergen, med særleg merksemd på handtering av uønskte hendingar og krisekommunikasjon. Sølve Stang frå Stang Media hadde ansvaret for det faglege innhaldet.

Tilbakemeldingane frå kursdeltakarane var svært gode, og dei oppmoda oss om å halde fram med å arrangere kursa. [Meir informasjon finn de i denne artikkel om kurset](#).



Vi er klar over at mange av ordførarane i Sunnfjord og Nordfjord ikkje hadde høve til å delta på kurset grunna møtekollisjon, og ser difor på høve for å gjennomføre tilsvarande kurs i den nordlege delen av fylket. Det er ikkje endeleg avklart og vi vil kome tilbake med informasjon om dette.

### 3.3 Webinar om strategiar for styrtregn- og overvasshandtering

Vi ønskjer å tipse om at [Miljødirektoratet arrangerer eit webinar 23. april, om strategiar for styrtregn- og overvasshandtering](#).

I webinaret får ein høyre korleis Stockholm kommune jobbar systematisk med å førebu seg på styrtregn og overvatn, på kort og lang sikt. Miljødirektoratet skriv at tilnærminga til Stockholm truleg er like relevant for små byar og tettstadar som for dei store byane.

### 3.4 Handtering av stråleskade - rettleiingssmateriell for kommunelegar og fastlegar

Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet (DSA) og Nasjonal behandlingstjeneste for CBRNE-medisin (CBRNE-senteret ved Oslo universitetssykehus) har utarbeidd [rettleiingsmateriell til legar om handtering av pasientar der dei kan mistenke stråleskader](#).

Rettleiaren gir informasjon om kva akutt stråleskade er, når ein mistenker stråleskade, kva forholdsreglar helsepersonell skal ta, kven behandlande lege skal kontakte og kva for informasjon legen skal gi til pasienten. Den gir òg meir utdjupande informasjon om symptom og teikn på stråleskader.

*Neste planlagde kommunemøte er 14. mars. Det vil innan kort tid bli sendt ut ei kalenderinvitasjon, og vi vil sende ut agenda før møtet.*